

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: N. Tr.lag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Otterøy

Emne: Drikk til maten til kvardags Bygdelag: Otterøya

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engjesvikja

(adresse): Fosslandsosen

G.nr. 19 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Eg veit ikkje om det har vori noko stort skifte i bruk av mjølk, det skulle da kanskje vera at ein no bruker meir kaffa i staden for dei før brukte skoma mjølk og surmjølk (skyr) til maten, men dette blir kanskje oppvegi ved at dei før brukte mykje meir tjukmjølk (som dei braut flatbrød nedi) enn no, så eg trur skilnaden i bruk av mjølk ikkje er så stor.
2. Trur det var sjeldan dei brukte ublanda mjølk som Æskedrikk.
3. Bleng av vatn, saup, mjølk eller skyr vart brukt før. Det er det visst heilt slutt med. Øl brukte dei brygge helst berre til høgtidene. No er det vel omtrent slutt med det og.
4. Sjå framom. Det ølet som vart brygga med eg minst, var sirop-øl. "Eg har høyrd ordtaket: Ei tynn øl tå ei tynn malt, og ei tynn tynndrekk". Før siropølet brukte dei nok maltøl.
5. Det kan eg ikkje svara på. Men i min oppvekst brukte ~~dei kaffe, men mykje tunnare, og ikkje så ofte som no.~~ dei kaffe, men mykje tunnare, og ikkje så ofte som no.
6. Det kan eg ikkje svara på, men da var han alt kvardagsdrikk, men mest alltid tilsett med surogat.
7. 3 a 4 gong.
8. Dei enten kokar eller traktar kaffen no, har ikkje no på salt (som før), heller ikkje klåreskinn eggskal. Veit ikkje nokon som spår i gruggen, eller nokon regregarlar for dette, men har høyrd snakk om sånn spådom.
9. Bruker sukker, før klipt toppsukker, no tablettar. Det er det vanlige. I vant bruker ein av dei andre sukker-sortar.
10. Fløyte eller mjølk. -- Til siste spm. "Nei".
11. Nei. Berre som forandring til høgtidsbruk.
12. Med eg minst, er ikkje det brukt. Men i den tida dei hadde lov til å brenne sjølv, brukte dei det kanskje. Eg høyrde at ein mann fortalde at dei i hans oppvekst fekk ikkje anna enn ein dram og ei halv løyp til morabit før dei gjekk til arbeidet om morgonen. (Sanninga vil eg ikkje innestå for.)
13. Nei, desse saker berre til festbruk.

J.E.

5885